

Vestland fylkeskommune

att: Arve Helle, leiar hovudutval for samferdsel og mobilitet

mail: Arve.Helle@vlfk.no, post@vlfk.no

Postboks 7900
5020 BERGEN

Innsple til “Rulleringa i 2025 av rullering Regional transportplan 2022-2033”

Vedtak:

Hardangerrådet sender inn desse innspela til *“Rulleringa i 2025 av Regional transportplan 2022 - 2033”*:

Innspeil til plantema 1. til 3. i regional transportplan:

Rassikring av vegnettet i Hardanger.

Hardanger er særst rasutsett og ein opplever fleire vegstengningar grunna ras.

Store lokalsamfunn vert isolert og beredskapen iht helse og tryggleik må iverksetjast.

Ferdsl på vegnettet medfører stor fare for trafikantar som opplever å stå i stillestående kø i særst rasutsette område.

Hardanger ynskjer eit trygt vegnett for sine innbyggjarar.

Utbetringar/møtepunkt mellom tettstadar i Hardanger:

Prioritere samferdselstiltak og utbetringar/møtepunkt mellom tettstadane i Hardanger for å sikra mobilitet iht utrykningar, beredskap, arbeidsmarknad, utdanning jfr skule og barnehage, næringslivet, turistar og andre reisande.

Utbetring av flaskehalsar må prioriterast.

Hardanger ynskjer ein betre bu- og arbeidsmarknadsregion.

Kollektivtransport:

HU - Hardanger og Voss Ungdomsråd fremja under Opplæringskonferansen 2025 i

Norheimsund den 31.03.2025 eit stort behov for eit betre og billigare kollektivtilbod.

HU etterlyser eit busstilbod etter skuletid og i helgane.

HU vil ha ordningar som “Heim for ein 50 lapp” og “Hent meg” ordningar

Hardanger ynskjer eit kollektivtilbod tilpassa brukarane og då spesielt tilpassa dei unge i regionen.

Hardangerrådet ber om at fylket aukar i midlar til LTU (Lokaltransport for ungdom) og til LTU i Hardanger..

Ferjeruter i Hardanger må få høgare prioritet.

Ferje Tørvikbygd - Jondal, trekantsambande Kvandal - Utne - Kinsarvik vil lette trafikken på tronge, rasutsette vegstrekningar og gje auka beredskap i heile regionen.

Hardanger ynskjer å leggja til rette for jobbpendling internt i regionen.

Båtruter / turistbåtruter:

Hardangerrådet har jobba for å bevara turistbåten i Hardanger.

Bevilgningar for opprettholding av ruta bør vere gjeldande for 2026 og framover. Tiltaket må gjevast langsiktigheit.

Hardanger ynskjer eit kollektivt transporttilbod på sjø for å letta trykket på vegane og frakta større grupper i ein særskilt sesong på vegnettet.

Båtruta Rosendal-Os-Flesland-Bergen må sikrast framover.

Turistruter må gjes lengre tidshorisont for å sikra reiselivnæringa føreseieligheit iht booking etc.

Tiltaka over vert knytt til målsettingane og delmål gitt i plantema 1. til 3. i regional transportplan.

Finansiering

Statlege overføringar til infrastruktur og mobilitet må auka.

Vestland og Hardanger har store utfordringar til å kunne levere eit trygt og effektivt transportsystem.

Utbetring av vegnettet, rassikring og kollektivtransport må få tilstrekkeleg finansiering til å møte dei utfordringane ein står overfor iht klima og miljøpåverknad.

Nasjonalt ansvarsområde

Nasjonal transportplan vert handsame i 2026, men innhenting av kunnskapsgrunnlaget har alt starta. Hardangerrådet ynskjer å fremje ei felles samla prioriteringsliste over tiltak inn mot NTP.

Vurderingar:

Forslag til prioriterte tiltak i RTP.

1. Rassikring
2. Samferdselsårer mellom tettstadane i Hardanger
3. Kollektivtransporten
4. Ferjeruter i Hardanger
5. Båtruter/Turistbåtruter i Hardanger

Kinsarvik 24.04.2025

Med fruktbar helsing
frå Hardangerrådet

Timo Knoch
rådsordførar

Ann Irene Myrheim
dagleg leiar